



Røsseland fekk nytt stort oppdrag i Uskedalen.

Formannskapet har gjeve rådmannen fullmakt til å oppretta kontrakt med Gunnar Røsseland Entreprenørforretning om bygging av avløpsanlegg frå Halsabrotet bustadområde og ned til Beinavikjo..

Kostnadsramma

er på 3 964 163 som vert finansiert med investeringsmidlar til avløp. Prosjektet er leidningsgrøft for spillvatn og overvatn og ein kombinasjon av oppryddingstiltak i høve til eldre, dårleg leidningsnett og nyanlegg. Det har vore open konkurranse og det kom 5 tilbod og Røsseland hadde det økonomisk mest fordelaktige

Dette er eit framhald av tidlegare utbyggjningar av leidningsnett for spillvatn og utgjer eit byggjetrinn nummer 3 etter dei to slamavskillarane på Børnes og Korsnes og overføringa til Børnes.

Det tiltaket som no skal gjennomførast fører til:

* Overvatn vert skild frå spillvatn. I dag vert det i regnfulle periodar, pumpa store mengder overvatn inn i spillvassleidning gjennom dårlege kummar.

* Etablering av overvassleidning med god kapasitet. No er kapasiteten for liten.

* Sikra noverande og ny busetnad mot overfløyning av overvatn. Området har vore svært utsett for det.

* Nye bustadområder som Nedre og Øvre Halsabrotet vert knytt til

eit nett med kapasitet og kvalitet.

* Vassverket får høve til å utbetra leidningsnettet mot deltaking i grøftetekstnad.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen